



Pensjonistforbundet

Pensjonistforbundets handlingsprogram 2023 - 2026



Pensjonistforbundet
Torggata 15
0180 Oslo

Postadresse
Postboks 6714, St. Olavs plass
0130 Oslo

Tlf: 22 34 87 70
E-post: pf@pensjonistforbundet.no
www.pensjonistforbundet.no

Følg oss også på Facebook:
www.facebook.com/pensjonistforbundet

Innhald

Innleiing	6
Mål og program	7
<hr/>	
1 Politisk innverknad	10
Politisk påverknad	10
Forhandlingsrett i trygdeoppgjæret	11
Organisasjonsutvikling	12
<hr/>	
2 Økonomi og arbeidsliv	14
Økonomi	14
Arbeidsliv	16
<hr/>	
3. Aktivitet og medverknad	18
Digital opplæring	18
Aldersvennlege lokalsamfunn	19
Aldersdiskriminering	20
<hr/>	
4. Helse og omsorg	24

Innleiing

Pensjonistforbundet - tydeleg, sterk og synleg!

Pensjonistforbundet er ein landsomfattande, livssynsnøytral og partipolitisk uavhengig organisasjon. Vi er den største interesseorganisasjonen i landet for eldre og uføre, med over 250 000 medlemmer, 6000 tillitsvalde, 730 lokallag og 17 fylkeslag. Vi set dagsordenen for alle politiske saker i landet som gjeld eldre og uføre!

Verksemda vår har både ei politisk og ei sosial side. Vi kjemper for at eldre og uføre kan delta i samfunnet på like vilkår som alle andre, og ha gode og rettferdige økonomiske og sosiale levekår. Samstundes er vi ein møteplass for samvær, kurs og kulturopplevingar. Begge deler er nødvendige for å medverke til at eldre og uføre kan ha meiningsfylte liv.

Medlemmene er styrken og fundamentet vårt. Dess fleire medlemmer, dess meir får vi å seie politisk. Vi vil difor arbeide målretta for å behalde noverande medlemmer og verve fleire medlemmer. Dei politiske måla våre, den sosiale verksemda vår og medlemsfordelane våre skal tilpassast ønska og behova til medlemmene og til nye generasjonar. Vi skal vere ein tydeleg, sterk og synleg organisasjon over heile landet! Eldre og uføre er ei svært samansett gruppe, med ulik alder, bakgrunn, helse,

utdanningsnivå, økonomi og interesser. Særleg er pensjonisttilværet i endring. Eldre lever lenger, har betre helse og utgjer ein stadig større del av befolkninga. Det medfører nye forventningar til og blant eldre. Vi skal vise kva for ein ressurs eldre er og kan vere som aktive i arbeidslivet, som folkevalde, som pårørande og i frivillig sektor.

Dei politiske løysingane våre skal vere sosialt og økonomisk berekraftige. Vi kjemper for både samtidige og kommande generasjonar. Difor skal vi også engasjere oss i klima- og miljøraker. Programmet vårt er utforma på eit solidarisk grunnlag, der omsynet til dei svakaste alltid kjem først. Meir likestilling, meir inkludering og mindre diskriminering er difor felles mål på tvers av programområda. Vi vil ha ei rettferdig fordeling av goda, og ein raus og sterk velferdsstat, finansiert av skatt etter evne.

Mål og program

Vårt mål er eit inkluderande og aldersvenleg samfunn. I programperioden 2023-2026 vil vi difor leggje særleg vekt på at eldre og uføre får sterkare påverknad, høgare deltaking, betre økonomi, mindre einsemd, betre digitale ferdigheiter og auka kvalitet på og likeverdig tilgang til helse- og omsorgstenester.

Programmet vårt er delt inn i fire kapittel:

- 1. Politisk påverknad**
- 2. Økonomi og arbeidsliv**
- 3. Aktivitet og medverknad**
- 4. Helse og omsorg**

Program- område

1. Politisk innverknad

Pensjonistforbundet vil ha større innverknad på fleire område nasjonalt, regionalt og lokalt. Vi skal framleis arbeide målretta for å oppnå resultat. Vi krev forhandlingsrett i dei årlege trygdeoppgjera. Vi skal få meir å seie ved å rekruttere fleire medlemmer, utvikle organisasjonen og samarbeide med andre organisasjonar. Vi skal vere ein inkluderande organisasjon for alle eldre og uføre.

Prioriterte satsingsområde:

- **Politisk påverknad**
- **Forhandlingsrett**
- **Organisasjonsutvikling**

Pensjonistforbundet skal framleis vere ein tydeleg, sterk og synleg aktør på vegner av pensjonistar og uføretrygda. Gjennom politisk påverknad vil vi arbeide for å styrkje dei økonomiske og sosiale levekåra deira. Det medfører ei heilskapleg og brei satsing på fleire politikkområde.

Politisk påverknad

Pensjonistforbundet har gjennom målretta politisk påverknad hatt mykje å seie. Det har mellom anna ført til årlege auingar av minstepensjon, endring av reguleringa av alderspensjon og opprettinga av eit nasjonalt eldreombod. Lokalt har fylkeslaga og lokallaga våre, aleine eller i samarbeid med eldreråda,

påverka vedtak i fylkesting og kommunestyre.

Pensjonistforbundet skal auke innsatsen for at dei eldre blir høyrde. Vi vil styrkje det politiske påverknadsarbeidet vårt. Vi har avtale om fire årlege møte med regjeringa, og vi krev at desse møta blir brukte til reelle forhandlingar. Vi skal drive lobbyverksemd overfor og samarbeide med parti i både regjering og opposisjon.

Fylkeslaga og lokallaga våre skal bli sterkare ved at forbundet sentralt tilbyr fagleg og politisk støtte. Dei er viktige fordi ein stor del av dei politiske vedtaka som gjeld eldre, blir tatt på fylkeskommunalt og kommunalt nivå. Vi skal opprette fleire lokale og regionale samarbeidsutval for å betre samarbeidet mellom lokallaga, og mellom lokallaga og kommunen og eldrerådet.

Eldre er sterkt underrepresenterte både på Stortinget, i fylkesting og i kommunestyre. Vi vil difor jobbe for at fleire eldre vil og kan ha politiske verv. Samstundes vil vi betre vilkåra for eldreråda

og råda for personar med nedsett funksjonsevne. Pensjonistforbundet skal i samarbeid med Senteret for et aldersvennlig Norge og KS halde eldrerådskurs over heile landet.

Pensjonistforbundet samarbeider med fleire organisasjonar på ei rekkje politikkområde, t.d. helse, arbeidsliv, bustad, tilgjengelegheit og pensjon. Samarbeidet omfattar felles politiske utspel, lobbyverksemd, undersøkingar, utveksling av kompetanse, høyringssvar og arrangement. Vi vil utvide og styrkje samarbeidet for å få større politisk gjennomslag. SAKO-samarbeidet (Samarbeidskomiteen for offentlege pensjonistar, andre landsdekkande pensjonistorganisasjonar og Pensjonistforbundet) skal utviklast både sentralt og lokalt.

Eldreombodet vart oppretta etter initiativ frå Pensjonistforbundet. Vi vil arbeide for å atterreise ombodet. Pensjonistforbundet er i Rådet for et aldersvennlig Norge. Som einaste representant for eldre i rådet, vil vi bruke det til å fremje eldre sine ønske og behov.

Pensjonistforbundet vil etablere ein tenkjetank for å setje seniorpolitiske saker på dagsordenen. Han skal få fram verdien av eldre si deltaking i samfunnet gjennom utgreiing og analyse, deltaking i samfunnsdebatten, skolering, møte og publikasjonar.

Forhandlingsrett i trygdeoppgjeret

Pensjonistar kan ikkje forhandle om eiga inntekt. Auken i alderspensjonen blir utrekna årleg som eit gjennomsnitt av pris- og lønnsvekst. Det medfører at pensjonistar får mindre inntektsvekst enn lønsmottakarar. Samstundes aukar skilnadene mellom alderspensjonistane kvart år, fordi alle mottek same prosentvise endring.

Pensjonistforbundet har berre drøftingsrett i trygdeoppgjera, som blir gjennomførte i mai kvart år. Det vil seie ein rett til å møte arbeids- og inkluderingsministeren for å uttale oss om regjeringa sitt framlegg til trygdeoppgjeret. Vi kan berre påverke oppgjeret dersom Stortinget lyttar til krava våre, og ikkje godkjenner framlegget frå regjeringa.

Vi meiner at å forhandle om eigne inntektsvilkår er ein demokratisk rett. Med forhandlingsrett kan trygdeoppgjera brukast til sosial omfordeling, slik at dei som har minst, kan få noko meir enn andre. Oppgjera kan i tillegg brukast til å diskutere avbøtande tiltak for å sikre sosial utjamning og reformer som løyser behov i samfunnet. Vi vil samarbeide med dei store arbeidstakarorganisasjonane om dette.

Vi vil at trygdeoppgjeret skal avgjerast gjennom reelle forhandlingar. Resultatet av

forhandlingane skal deretter leggjast fram for og godkjennast av Stortinget. Pensjonistforbundet krev, og vil framleis arbeide for, forhandlingsrett i trygdeoppgjæret.

Organisasjonsutvikling

Talet på eldre aukar stadig, og eldre utgjer ein stadig større del av folketalet. Over ein million personar får alderspensjon frå folketrygda. Dess fleire vi representerer, dess større sjanse er det for å bli høyrde. Difor skal Pensjonistforbundet jobbe aktivt for å behalde og rekruttere fleire medlemmer, både individuelle og kollektivt tilslutta.

Eldre og uføre er ei samansett gruppe med ulik alder, bakgrunn, helse, utdanningsnivå og interesser. Pensjonistforbundet må spegle av desse skilnadene, slik at fleire ønskjer å bli medlem. Vi skal vere ein inkluderande og tolerant organisasjon som arbeider for alle eldre og uføre.

For å kunne påverke må politikken vår fremjast på eit solid fagleg grunnlag av kompetente tilsette og tillitsvalde. Pensjonistforbundet har gjennom ei fagleg styrking av administrasjonen sentralt blitt ein politisk aktør som blir tatt på alvor. Samstundes har opplæring av tillitsvalde gitt større gjennomslag lokalt. Difor vil Pensjonistforbundet framleis satse aktivt på kompetanseutvikling av tilsette og tillitsvalde.

Organisasjonsutvikling er ein kontinuerleg prosess. Pensjonistforbundet må alltid vere budd på å tilpasse seg for å møte endra behov i og utanfor eigen organisasjon. Vi vil difor etablere eit rådgivande sentralt organisasjonsutval.

Pensjonistforbundet vil arbeide for:

- **Auka politisk påverknad nasjonalt, regionalt og lokalt**
- **Forhandlingsrett i trygdeoppgjæret**
- **Fleire medlemmer**
- Styrking av det politiske samarbeidet med andre organisasjonar
- Landsdekkande opplæring av eldreråda
- Fagleg og politisk styrking av fylkeslaga og lokallaga våre
- Fleire lokale og regionale samarbeidsutval
- Kompetanseutvikling for tilsette og tillitsvalde
- Etablering av sentralt organisasjonsutval
- Atterreise Eldreombodet
- Vidareutvikle SAKO-samarbeidet



2. Økonomi og arbeidsliv

Pensjonistforbundet meiner at alderspensjonar må halde tritt med lønnsveksten. Dagens reguleringsregime aukar skilnadene mellom både lønsmottakarar og alderspensjonistar, og mellom alderspensjonistane. Minste pensjonsnivå må aukast til eit nivå over fattigdomsgrensa i EU. Eldre som ønskjer å stå i arbeid, må få same høve til det og rettar som andre arbeidstakarar.

Prioriterte satsingsområde:

- **Regulering av alderspensjon i folketrygda om lag som lønnsvekst**
- **Auka minstepensjon**
- **Eit aldersinkluderande arbeidsliv**

Økonomi

Pensjonistforbundet vil at folketrygda skal vere berebnelken i pensjonssystemet vårt. Det skal vere mogleg å leve av uføretrygd og alderspensjon frå folketrygda. Individuell pensjonssparing skal ikkje erstatte gode kollektive løysingar.

Alderspensjon

Alderspensjon frå folketrygda blir i dag regulert med eit gjennomsnitt av pris- og lønnsvekst. Pensjonistane får dermed lågare inntektsvekst enn lønsmottakarane. Dette går særleg utover dei med låge pensjonar. Ettersom alle alderspensjonar blir regulerte med same prosentsatsen, aukar også skilnadane mellom pensjonistane.

Pensjonistforbundet vil at det må bli slutt på underreguleringa av alderspensjonar. Pensjonistar bør få ein inntektsvekst på linje med lønsmottakarane. Det må vere mogleg å få til sosial omfordeling, slik at inntektsforskjellane mellom alderspensjonistar blir mindre. Vi krev primært forhandlingsrett i trygdeoppgjøret, men uansett oppgjersform, kviler det eit ansvar på regjeringa og Stortinget til å sikre eldre gode økonomiske levekår.

Alderspensjon under opptening er levealdersjustert. Det vil seie at dess yngre du er, dess lenger må du stå i arbeid før du kan ta ut ein tilstrekkeleg alderspensjon. Mange kan ikkje stå lenger i arbeid og utsetje uttaket av pensjon for å oppnå full opptening. Difor må levealdersjusteringa endrast, slik at det blir mogleg å gå ut av arbeidslivet med ein god alderspensjon tidlegare. Samstundes må ein halde fast på 67 års-grensa for rett til alderspensjon utan vilkår.

Uføretrygd

Uføretrygd skal sikre ei inntekt til personar som ikkje er i stand til å jobbe på grunn av sjukdom eller skade. Trygda må vere på eit nivå som gjer det mogleg å leve eit godt liv. Dei som blir uføre, bør få tene opp ein alderspensjon som er like god som for dei som klarer å stå i arbeid. Pensjonistforbundet vil arbeide for at uføre får ei anstendig inntektsutvikling, og at uføretrygda framleis blir regulert lik lønnsveksten. Uføre må skjermast for levealdersjusteringa og kunne tene opp pensjon i alle år fram til overgangen frå uføretrygd til alderspensjon.

Minstepensjon

Alle skal ha ei anstendig inntekt å leve av. Fattigdomsgrensa i EU for einslege husstandar i Noreg er i overkant av 260 000 kroner (i 2022). Einslege minstepensjonistar får mykje mindre enn det, berre 232 000 kroner (i 2022). Minstepensjonistar som ikkje er einslege, får enda mindre, berre 173 000 kroner (i 2022). Fattigdomsgrensa i EU for desse er 196 000 kroner per person (i 2022). Både einslege og gifte/sambuande minstepensjonistar har ei inntekt som er for låg til å dekke stadig aukande levekostnader. Dei er vedvarande fattige, utan høve til å påverke eiga inntekt.

Vi meiner at minste pensjonsnivå må liggje over

fattigdomsgrensa i EU for både einslege og gifte/sambuande. Vidare må minste pensjonsnivå innførast i nytt regelverk for folketrygda som eit supplement til garantipensjonen. Det vil sikre at framtidige pensjonistar ikkje kjem dårlegare ut enn minstepensjonistane i dag. Pensjonistforbundet krev auka minstepensjon.

Etterlatnepensjon

Etterlatnepensjon frå folketrygda vil seie at ein delvis kan overta pensjonsrettar når ektefelle/sambuar dør. Ordninga er særleg viktig for etterlatne med låg pensjon. I 2022 fekk om lag 120 000 alderspensjonistar etterlatnepensjon, 95 prosent av desse var kvinner. Ordninga er vedtatt å fasast ut, slik at ingen fødte f.o.m. 1963 vil ha rett til slik pensjon. I tillegg er det vedtatt at personar fødte i 1944 eller seinare ikkje vil få regulert etterlatnetillegget frå folketrygda frå 2024. Det å miste ektefellen kan setje den etterlatne i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Vi vil difor vidareføre etterlatnepensjonen i folketrygda og oppregulere han på lik linje med annan pensjon.

Fripolisar

Pensjonskapitalen til fripolisekundane gir så låg avkastning at kjøpekrafta deira ikkje blir oppretthalden. Kundane får ikkje sin rettmessige del av overskotet, fordi livselskapa er pålagde å

forvalte fripolisekapitalen kortsiktig, med sikte på størst mogleg avkastning for eigarane sine. Pensjonistforbundet vil kjempe for at reglane blir endra, slik at fripolisane blir forvalta langsiktig og gir best mogleg avkastning for fripolisekundane.

Samordningsfella

Samordningsfella inneber at tenestepensjonen til offentleg tilsette fødte 1944–1962, blir lågare om dei held fram med å jobbe etter fylte 67 år. I verste fall mistar dei heile tenestepensjonen. Dette er både urettferdig og eit brot med intensjonane i pensjonsreforma om at fleire bør stå lenger i arbeid. Samordningsfella svekkjer insentiva til offentleg tilsette til å stå lenger i arbeid, og medverkar til å støyte eldre arbeidstakarar ut av arbeidslivet. Ingen skal tape pensjon fordi om dei jobbar etter fylte 67 år. Pensjonistforbundet krev at samordningsfella blir fjerna.

Bustønad

Pensjonistforbundet er medlem i Bostøttealliansen, der 22 organisasjonar samarbeider for ei betre bustønadsordning. Trass i at behovet framleis er til stades, er det stadig færre eldre og uføre som får bustønad. Ordninga er underfinansiert, med utdaterte satsar og stadig strengare krav for å ta imot ytingar. Minstepensjonistar opplever at heile bustønaden fell bort når inntekta aukar med små beløp. Uføre opplever at dei små inntektene deira diskvalifiserer dei frå stønad, og at rettane er avhengig av om dei vart uføre før eller etter uførereforma. Pensjonistforbundet krev auka finansiering av bustønaden i Husbanken, med satsar som er tilpassa faktiske utgifter, og reglar som gjer at fleire kan få bustønad.

Skattar og avgifter

Pensjonistforbundet vil ha ein sterk offentleg sektor som kan finansiere nødvendige velferdsytingar. Vi vil ha eit solidarisk skattesystem der borgarane betaler skatt etter evne. Difor er vi imot at meir av skattlegginga blir dreia over til avgifter. Slik flat skattlegging råkar hardast dei med svakast økonomi. Når ein blir pensjonist eller uføretrygda, får ein betydeleg lågare inntekt enn som yrkesaktiv. For å hindre for stor nedgang i inntekta, må skatten for desse vere lågare enn for lønnsinntekt. Eigedomsskatt og formueskatt på bustad må ha botnfrådrag som gjer det mogleg å bu der framleis sjølv om ein har låg inntekt.

Arbeidsliv

Pensjonistforbundet vil arbeide for eit inkluderande arbeidsliv. Det inneber at arbeidslivet må verdsetje eldre og uføre arbeidstakarar ved å gi dei same mogleik og rettar som andre arbeidstakarar, og at arbeidsinnhald og -mengd må tilpassast ved behov.

Aldersgrenser

Øvre aldersgrense i arbeidsmiljølova (AML) er 72 år, men om lag halvparten av arbeidstakarane i Noreg har tariffesta aldersgrense på 70 år. Gjennomsnittleg avgangsalder i arbeidslivet er likevel berre 65 år. Det er difor ikkje behov for å heve aldersgrensene. Den store samfunnsøkonomiske gevinsten ligg i å forlengje yrkeslivet for personar tidleg i 60-åra. Å ta del i arbeidslivet utover aldersgrensene må vere frivillig. Særaldersgrenser på 60, 63 eller 65 år bør medføre plikt til å gå av, av omsyn til helsa til arbeidstakarane og tryggleiken til publikum. Ved pliktig avgang bør det leggjast til rette for overgang til anna arbeid. Eventuelle endringar av øvre aldersgrenser må gjerast i samarbeid med partane i arbeidslivet.

Seniorpolitikk

Arbeidslivet må tilpasse seg, slik at eldre arbeidstakarar kan og vil stå lenger i arbeid. Den beste seniorpolitikken er god personalpolitikk gjennom heile yrkeslivet. Det inneber at eldre arbeidstakarar blir behandla på lik linje med andre arbeidstakarar, med same rettar og høve til å påverke, og til karriere og kompetanseheving. Det er god samfunnsøkonomi at fleire eldre står lenger i arbeid. Samstundes er det arbeidstakarar som med auka alder har behov for tilpassingar i form av andre oppgåver, kortare arbeidstid eller meir ferie. Slike seniorgode bør vere universelle og avtalast mellom partane i arbeidslivet og styresmaktene.

Rett til sjukepengar og dagpengar

I seinare år har øvre aldersgrenser blitt heva utan at retten til sjukepengar og dagpengar er tilsvarande justert. Tilsette t.o.m. 66 år har rett til sjukepengar i inntil 52 veker, dersom dei tener meir enn 0,5 G. For tilsette mellom 67 og 70 år er denne retten avgrensa til berre 60 dagar, og berre dersom dei tener meir enn 2 G. Tilsette over 70 år har ingen rett til sjukepengar. Retten til dagpengar (arbeidsløysetrygd) sluttar heilt ved fylte 67 år. Reglane for sjukepengar og dagpengar er både aldersdiskriminerande og i strid med intensjonen om at fleire skal stå lenger i arbeid. Pensjonistforbundet meiner at alle tilsette må ha like rettar til sjukepengar og dagpengar.

Pensjonistforbundet vil arbeide for:

- **Regulering av alderspensjon om lag som lønnsvekst**
- **Auka minstepensjon**
- **Eit aldersinkluderande arbeidsliv**
- Ei rettferdig levealdersjustering
- Halde fast på 67-årsgrrensa for rett til uttak av alderspensjon utan vilkår i folketrygda
- Anstendig inntekt for uføre
- Gjeninnføring av etterlatnepensjon
- Betre regulering av fripolisar
- Fjerning av samordningsfella
- Framleis øvre aldersgrense på 72 år i arbeidsmiljølova
- Rett til sjukepengar og dagpengar for eldre arbeidstakarar
- Eit solidarisk skattesystem
- Auka bustønad

3. Aktivitet og medverknad

Nye generasjonar eldre er friskare og lever lenger enn nokon gong. Livet som pensjonist er i endring. Stadig fleire eldre kan og vil ta del i samfunnet slik dei alltid har gjort. Det er helsefremjande og nyttig for samfunnet. Pensjonistforbundet vil difor ha eit aldersvennleg samfunn som gir høve til større aktivitet og medverknad.

Prioriterte satsingsområde:

- **Meir opplæring i digitale verktøy**
- **Aldersvennlege lokalsamfunn**
- **Mindre aldersdiskriminering**

Digital opplæring

Digitalt utanforskap inneber manglande tilgang til eller høve til å bruke digitale tenester som er nødvendige for å få innfridd rettar og behov. Om lag 600 000 vaksne manglar nødvendig digital kompetanse. Berre halvparten av desse er eldre. Digitalt utanforskap er difor ei varig utfordring som ikkje vil bli borte over tid. Uføre er overrepresenterte blant yngre utan tilstrekkeleg digital kompetanse.

Nærare 350 000 eldre og uføre kan ikkje vere med slik som andre, fordi dei ikkje meistrar smarttelefon, BankID, QR-koder, appar o.l. Dei slit med å utføre banktenester, finne offentleg informasjon, bruke velferdsteknologi, kjøpe billett til kollektivtrafikk og kulturtilbod, og til

å vere med på sosiale plattformer på internett. For den enkelte medfører det mindre sjølstende, tapte sjansar, mindre informasjon, lågare trivsel, låg sjølvkjensle, meir einsemd og redusert psykisk helse. For samfunnet medfører det kostnader i form av sosial uro, redusert folkehelse og vidareføring av analoge tilbod.

Både offentlege og private tenesteytarar sparer store summar på å digitalisere tenestene sine. Ofte aukar også kvaliteten på tenestene. For ikkje-digitale brukarar er det likevel motsett. Særleg offentleg sektor – som leverer heilt nødvendige tenester som trygd, skatt, helsetenester og saksbehandling – har eit etisk ansvar for at alle har lik tilgang til og same kvalitet på tenestetilbodet. Men også private tenesteytarar må ta ansvar for at brukarane får tilstrekkeleg opplæring og rettleiing.

Frivillig sektor spelar ei stor rolle og kan spele ei enda større rolle om organisasjonane blir sikra føreseieleg statleg finansiering av kursverksemda. Pensjonistforbundet har utvikla kurs og undervist fleire tusen eldre i smarttelefon, nettbrett og

velferdsteknologi. Vi ønskjer å halde fram med dette, men det er utfordrande når finansieringa er prosjektbasert, kortvarig og uføreseieleg.

Pensjonistforbundet meiner ulempene for den enkelte og kostnadene for samfunnet kan reduserast vesentleg om fleire får eit tilpassa opplæringstilbod. Det er stor avstand mellom dei milliardane som ein sparer på digitalisering, og dei få millionane som blir sette av til opplæring. Det er behov for ei stor og heilskapleg satsing for å redusere den digitale utanforskapen. Samstundes etterlyser vi ei erkjenning av at digitalt utanforskap aldri blir heilt borte. Difor må det vere tilbod om analoge alternativ, utan ekstra kostnad, til dei som treng det. Pensjonistforbundet krev at digital opplæring blir ein stor, føreseieleg og fast post på statsbudsjettet.

Aldersvennlege lokalsamfunn

Eit inkluderande og aldersvennleg samfunn inneber at eldre og uføre kan bu heime så lenge dei sjølv ønskjer, vere med på aktivitetar dei er interesserte i, komme seg omkring til fots, i bil eller med kollektivtrafikk, vere med å bestemme og ikkje bli utsette for diskriminering. Ein føresetnad for det er aktiv planlegging og tiltak på tvers av fleire sektorar. Auka aktivitet og medverknad er bra for den enkelte, nyttig for andre, og betyr sparte kostnader for fellesskapen.

Arealplanlegging og transport

For å leggje til rette for auka aktivitet og medverknad må ein forstå brukarane sine behov og planleggje deretter. Difor må eldreråd, råd for personar med nedsett funksjonsevne og organisasjonar som representerer eldre og uføre takast med på råd. I eit aldersvennleg lokalsamfunn har eldre og uføre tilbod som dei ønskjer å oppsøkje, og som er trygge å reise til og frå. Betre tilgang gir meir aktivitet og medverknad. Planlegging av kvar tenestetilbod og bustader for eldre og uføre skal vere, må difor sjåast i samanheng. Det bør vere universelt utforma bygg og uteareal, trygge gangvegar, tilrettelagde turtilbod og bilfrie soner. Kollektivtilbodet må ha hyppige avgangar og kort avstand mellom haldeplassane. Det må vere eit raust tilbod om tilrettelagd transport (TT-kort), og eit tilrettelagt tilbod om henting/levering frå eigen heim for dei som har behov for det. Pensjonistforbundet krev at eldre og uføre får god og trygg tilgang til offentlege tenester, butikkar, kafear, bibliotek, kino, samfunnshus og andre møteplassar.

Møteplassar

Einsemd blant eldre og uføre er ei stor utfordring. Mange eldre opplever å miste ektefelle/partnar eller sosialt nettverk tidleg, slik at dei siste åra kan bli einsame. Dei fleste uføre står utanfor den fellesskapen ein arbeidsplass byr på. Difor er det viktig at det finst lett tilgjengelege møteplassar

som innbyr eldre og uføre til å møte andre. Møteplassane må vere sentralt plasserte, i nærleik av andre tenestetilbod, med eit variert tilbod av kultur, sosiale samkomer og fysisk aktivitet. Fylkeskommunane og kommunane har lokale som frivillig sektor bør få nytte gratis til kurs- og møteverksemd, kulturarrangement og sosiale treff. Pensjonistforbundet krev lokale aktivitetssenter med eit tilpassa tilbod på tvers av generasjonane.

Bustadpolitikk

Å bu i ein trygg og tilgjengeleg bustad gjer at eldre og uføre er mindre utsette for skadar, og at dei kan bli verande i eigen bustad om helsa byrjar å svikte. Eldre må ta ansvar for eiga aldring og tilpasse bustaden sin eller flytte til høveleg bustad. Men det er ei utfordring at det er for få tilpassa bustader, og at dei kostar meir enn det eldre får for bustaden dei må selje. Særleg i distrikta er det stor avstand mellom tilbod og behov. Marknaden kan ikkje løyse utfordringane aleine. Det er behov for ei større offentleg satsing for både å stimulere til å byggje fleire nye bustader og tilpasse noverande bustader.

Bu trygt heime-reforma må medverke til at fleire kan gjere tilpassingar i eigen heim. Målet for reforma kan berre løysast med ein aktiv lokal bustadpolitikk støtta av statlege midlar. Vi vil jobbe for at reforma får dei nødvendige verkemidla. Husbanken må tilførast meir pengar, og kommunane må tilby rådgjeving om tilpassing av eigen bustad. Pensjonistforbundet krev at Husbanken får tilført ekstra midlar til å byggje fleire tilpassa bustader, tilskot til å tilpasse eigen bustad og tilskot til heis i eldre bygg.

Sterk og stødig

Auka aktivitet medverkar til at mange eldre blir meir sjølvhjelpne og fungerer betre i kvardagen. Sterk og stødig er eit lågterskeltilbod som 70 kommunar tilbyr til eldre som bur heime. Det er ei billeg investering i førebyggjande helse, med stort utbytte for den enkelte og kommunen. Vi har vore med heilt frå prosjektet starta og veit at det gir ønska resultat. Fleire kommunar ønskjer å ta i bruk Sterk og stødig, men treng statleg finansiering. Pensjonistforbundet krev at Sterk og stødig blir eit tilbod i alle kommunar.

Aldersdiskriminering

Formell og uformell aldersdiskriminering gjer det vanskeleg for eldre å vere aktive og delta. Det første er aldersgrenser som ikkje er saklege og forholdsmessige. Det siste er haldningar overfor og blant eldre. Blir det mindre formell diskriminering, vil det også bli mindre uformell diskriminering og vice versa. Det er difor nødvendig å kjempe mot begge former for aldersdiskriminering.

Aldersdiskriminering kan vere både direkte og indirekte. Direkte aldersdiskriminering inneber at eldre som blir behandla dårlegare på grunn av alderen sin, har til dømes svakare formelle rettar. Indirekte aldersdiskriminering inneber at tilsynelatande nøytrale reglar eller praksis har større negative konsekvensar for eldre enn for andre, til dømes at kommunen vel å ikkje strø glatte fortau. Både direkte og indirekte diskriminering kan vere i strid med likestillings- og diskrimineringslova.

Aldersgrenser (utanfor arbeidslivet)

Alder er eit diskrimineringsgrunnlag i likestillings- og diskrimineringslova. Det er likevel tillate å forskjellsbehandle ulike aldersgrupper om dette har eit sakleg føremål og ikkje er uforholdsmessig inngripande. I tillegg presiserer lova at alle aldersgrenser heimla i lov eller forskrift er lovlege, og at ulik prising overfor ulike aldersgrupper er lov. I sum inneber dette at alder har eit svakare diskrimineringsvern enn andre diskrimineringsgrunnlag. Dermed er terskelen for å behalde eller innføre aldersgrenser lågare enn for andre diskrimineringsgrunnlag.

Vi meiner at mange aldersgrenser verken er saklege eller forholdsmessige. Somme er vedtekne i ei tid då levealderen var lågare, andre er berre grunnjevne med økonomi. Felles for dei er at dei ikkje vektlegg at eldre skal ha rett til å delta i samfunnet på like vilkår som andre. Nokre døme på dette er rett til å vere meddommar, rett til ulike kommunale tenester og rett til sjukepengar og dagpengar. Pensjonistforbundet krev difor ein gjennomgang av eksisterande aldersgrenser for å vurdere om dei er aldersdiskriminerande.

Haldningar og åtferd

Uformell aldersdiskriminering kjem til uttrykk i form av negative haldningar og ytringar om menneskeverd og funksjonsnivå hos eldre. Til dømes:

- Manglande kunnskap om, respekt og forståing for eldre sine bidrag i samfunnet
- Utestenging av eller reduserte forventningar til eldre

- Fordommar og feile oppfatningar om funksjonsnivå som gjer at eldre ikkje blir inviterte inn, ikkje blir rekna med, eller blir forventa å slutte
- Negativ omtale av alle eldre basert på funksjonssvikt som berre rårar enkelte eldre, til dømes adjektiv som skrøpelege, surrete og utdaterte

Diverre er det også eldre blant dei som utøver uformell aldersdiskriminering, fordi dei i ord og handling legg avgrensingar på åtferd og livsutfalding hos seg sjølv og andre eldre. Eitt døme på dette er når eldre sjølv sluttar med ønskte aktivitetar, trass i at det ikkje finst formelle krav om å slutte.

Vi meiner at vi må kjempe mot uformell aldersdiskriminering med kunnskap. Vi må synleggjere at eldre bidrar i samfunnet og ikkje er ein utgiftspost. Det må leggjast vekt på at for dei fleste inneber ikkje pensjonisttilværet korkje lediggang eller sjukdom, men aktive og meningsfylte liv med god helse. Samstundes må fleire eldre ta eit oppgjør med eigne haldningar, vere meir aktive og medverke meir. Vi vil halde fram samarbeidet med Likestillings- og diskrimineringsombodet og få tilbake Eldreombodet for å kjempe mot aldersdiskriminering. Pensjonistforbundet krev ein nasjonal haldningskampanje for å motverke uformell aldersdiskriminering.

Medbestemming

Eldre er underrepresentert i folkevalde organ. Å vere med på å gjere vedtak aukar kvaliteten på avgjerdene og tilliten til demokratiet. Underrepresentasjonen kjem både av at eldre

ikkje blir nominerte, men også at mange ikkje vil stille til val. Partia må bli meir opptekne av alder som ein eigenskap og aktivt rekruttere og behalde eldre representantar. Samstundes må eldre vere meir innstilte på å ta politiske verv. Dess fleire eldre som tar på seg verv, dess fleire eldre vil følge etter. Pensjonistforbundet vil jobbe for å endre haldningane overfor og blant eldre når det gjeld å inneha politiske verv.

Frivillig arbeid

Eldre bidreg meir i frivillig sektor enn andre aldersgrupper, både i det organiserte og det uorganiserte frivillige arbeidet. Kvart år utgjer innsatsen til pensjonistane om lag 52 000 årsverk. Av desse er i underkant av 16 000 årsverk knytte til lag, organisasjonar og frivilligsentralar, og i overkant av 36 000 årsverk er uformelt frivillig arbeid. Verdien av innsatsen er rekna til heile 29 milliardar kroner i året. Stadig fleire eldre og betre organisering av det frivillige arbeidet kan likevel medverke til enda større innsats i åra framover.

Eldre som er engasjerte og aktive i frivillig arbeid, får auka livskvalitet og kan halde seg mentalt og fysisk friske lenger. Samstundes har andre stor nytte av innsatsen dei eldre legg ned. Negative haldningar overfor eldre kan endrast ved at enda fleire eldre er med i frivillig arbeid, og at innsatsen deira blir meir synleg.

Det uorganiserte frivillige arbeidet er avhengig av eldre. Dei er pårørande, venner og naboar som hentar og passar barn, måkar snø, klipper gras, ber ved, lagar mat og handlar for andre. Mange eldre kvir seg for å forplikte seg til organisert frivillig arbeid, men er med når dei sjølv kan velje oppgåver, omfang og tidspunkt. Slike aktivitetar er meiningsfylte for både givarar og

mottakarar. Dei kan førebyggje helseproblem, sosial isolasjon og einsemd, samstundes som dei styrkjer lokalmiljøet og avlastar offentlege tenesteytarar. Pensjonistforbundet vil jobbe for større merksemd om og verdsetjing av eldre sin innsats i det uorganiserte frivillige arbeidet. Eldre med minoritetsbakgrunn medverkar mindre i det organiserte frivillige arbeidet enn resten av befolkninga. Pensjonistforbundet har signert Mangfoldsplakaten, som er eit verktøy for å jobbe for større etnisk og kulturelt mangfald i frivillige organisasjonar. Vi vil jobbe for å rekruttere fleire medlemmer med minoritetsbakgrunn og lage ein rettleiar til dette arbeidet.

Pensjonistforbundet vil at fleire eldre skal delta i det organiserte frivillige arbeidet. Organisasjonar som rekrutterer og held på seniorar som medlemmer, har stort utbytte av erfaringane og innsatsen deira. Eksisterande frivilligsentralar bør styrkjast. Kommunane må ha ansvar for å finansiere, leggje til rette for og koordinere det organiserte frivillige arbeidet. Staten må tilby rammevilkår i form av tilskot, momsritak og reglar som gjer det mogleg for det frivillige arbeidet å ha eigne inntekter. Samstundes må fleire eldre sjå verdien for andre og sin eigen del ved å medverke meir i det organiserte frivillige arbeidet. Pensjonistforbundet krev betre rammevilkår for det organiserte frivillige arbeidet.



Pensjonistforbundet vil arbeide for:

- **Meir digital opplæring**
- **Aldersvennlege lokalsamfunn**
- **Mindre aldersdiskriminering**
- Fleire møteplassar
- Fleire tilpassa bustader
- Auka medverknad i folkevalde organ
- Auka medverknad i frivillig sektor
- Fleire medlemmer med minoritetsbakgrunn

4. Helse og omsorg

Stadig fleire eldre fører til auka etterspørsel etter helse- og omsorgstenester. Helse- og omsorgstenestene må styrkjast med fleire fastlegar, fleire tilsette, fleire sjukehussenger og fleire plassar i sjukeheimar og omsorgsbustader. Samhandlinga mellom sjukehusa og kommunane må bli betre. Og det er behov for meir kunnskap om aldring og helse.

Prioriterte satsingsområde:

- **Fleire fastlegar**
- **Fleire sjukeheimar og omsorgsbustader**
- **Fleire tilsette i omsorgstenestene**
- **Betre samarbeid mellom spesialisthelsetenesta og kommunane**
- **Tannhelse må inngå i eigendelsordninga**
- **Meir forskning på demens**

Ein trygg alderdom inneber at samfunnet planlegg og byggjer for innbyggjarane i alle fasar i livet. Med auka alder aukar behovet for helse- og omsorgstenester. Blant eldre er det fleire kvinner enn menn. Eldrehelse er difor i stor grad kvinnehelse. Eldre må vere trygge på at dei får dei tenestene og den omsorga dei har behov for. At det er tilstrekkeleg fastlegedekning. At dei kan ta imot tenester i eigen heim, men få plass i omsorgsbustad eller på sjukeheim om omsorgsbehovet aukar. At dei ved behov blir greidde ut og får behandling på sjukehus. At dei ikkje blir diskriminerte ved tildeling av

helsetenester. Og at dei ikkje blir utskrivne for tidleg frå sjukehus.

Fastlegar

Om lag 235 000 personar er utan fastlege (2022). Arbeidsmengda for kvar enkelt lege er for høg, og yngre legar ønskjer ikkje å arbeide som fastlege. Eldre nyttar fastlegen oftare enn andre.

Pensjonistforbundet vil difor jobbe for at:

- Nyutdanna legar raskt kan starte legespesialisering
- Det blir oppretta fleire utdanningsstillingar innanfor spesialisering i allmennmedisin (ALIS)
- Fleire fastlegar får tilbod om å bli tilsette i kommunane
- Alder, kjønn og helsestatus hos pasienten får innverknad på det faste tilskotet fastlegen får for å ha pasientansvaret

Sjukeheimar og omsorgsbustader

Dei fleste eldre bur i eigen heim. Om lag 40 000 bur på sjukeheim eller i omsorgsbustad med heildøgns omsorg. Men med auken i talet på eldre stig behovet for fleire sjukeheims plassar og heildøgns omsorgsplassar. Det er behov for å auke talet på plassar og kvaliteten på tenestene.

Difor krev vi at:

- Husbanken si tilskotsordning til etablering og oppussing av sjukeheimar og heildøgns omsorgsbustader blir auka, og at staten tar ein større del av kostnadene
- Styresmaktene sikrar at det er nok kvalifisert helsepersonell i den kommunale helse- og omsorgstenesta
- Brukarar som får plass på sjukeheim, får rett til at enkeltvedtaket om dette også omfattar dei helse- og omsorgstenestene som skal ytast
- Alle bebuarar som får ein langtids plass på sjukeheim, får tilbod om ein rom med eige bad og WC

Heimebaserte helse- og omsorgstenester

Over 170 000 personar får helse- og omsorgstenester i eigen heim. Det bidrar til at dei kan bu lenger heime, og at etterspurnaden etter institusjonsplassar blir mindre. Behovet hos den enkelte kan likevel variere over tid.

Difor vil Pensjonistforbundet jobbe for at dei kommunale tenestene blir meir fleksible og kan tilby avlastings- og korttids plassar ved behov. Dette er særleg viktig for dei pårørende, fordi dei i dag står for nesten halvparten av omsorga for heimebuande tenestemottakarar.

Kommunane får eit stadig større ansvar for helsetenester til befolkninga. Tenester som tidlegare vart utført av sjukehusa, forventar ein i dag at kommunane utfører, ofte i heimen til brukaren. Kommunane har difor behov for både auka kompetanse og fleire tilsette. Tilsyn viser store skilnader i utdanningsnivå og erfaring. Vaktorganisering og mykje bruk av deltid medverkar til at mange eldre får stell og hjelp frå mange ulike pleiarar. Det gjer at kvaliteten mange stader ikkje er tilstrekkeleg. Pensjonistforbundet vil følgje tett med på at kommunane har nok tilsette i omsorgstenestene, at desse har tilstrekkeleg kompetanse, og at tenestene blir organiserte til beste for brukarane.

Velferdsteknologi kan bidra til meir tryggleik, større aktivitet og medverknad og auka eigameistring for eldre og uføre som bur heime. Ein føresetnad for det er brukarmedverknad, god opplæring, rettleiing og motivasjon til å ta i bruk digitale verktøy. Eldre og uføre må få informasjon om relevante hjelpemiddel og kunne setje seg inn i kva for tilbod som finst. Dei som tilbyr utstyr og tenester må levere løysingar som kan samarbeide – er kompatible – med utstyr brukarane er

vant med å bruke. Pensjonistforbundet meiner bruken av velferdsteknologi må styrast ut frå brukaren sine ønske og behov, ikkje av privat eller kommunal økonomi. Kommunane må syte for at tilsette har tilstrekkeleg kompetanse på velferdsteknologi, slik at dei kan hjelpe brukarane ved behov.

Ernæring

Gode måltid aukar appetitten, førebyggjer underernæring og reduserer behovet for medisinar. Difor er det viktig at eldre på institusjon, eller som får måltid i eigen heim, får eit tilpassa tilbod. Mange stader er det lite mangfald og valfridom, med lang avstand mellom produksjon og servering. Eige kjøkken på institusjon eller lokalt i eigen kommune gjer tilrettelegging, fleksibilitet og samarbeid enklare. Pensjonistforbundet vil at maten blir laga lokalt, og at kjøkkenpersonell og helsepersonell samarbeider om å tilby måltid tilpassa brukarane sine ønske og behov. Særleg viktig er det å følgje opp at eldre som har heimebaserte tenester, får i seg tilstrekkeleg og riktig ernæring. For enkelte betyr dette å ha nokon å ete saman med. Kommunen må difor leggje til rette for dette, til dømes i samarbeid med frivillig sektor.

Spesialisthelsetenesta

Folk lever lenger og med fleire kroniske sjukdomar. Det fører til at fleire eldre blir lagt inn på sjukehus. Ordninga med kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar gjer at mange eldre opplever å ikkje få eit forsvarleg tilbod. Enten fordi dei blir for raskt skrivne ut av sjukehusa utan at tiltak er sett i verk i kommunane, eller fordi dei blir liggjande på sjukehus utan aktiv behandling i påvente av å bli utskrivne. Dette systemet må avviklast og erstattast med finansieringsordningar som fremjar samarbeid

mellom spesialisthelsetenesta og kommunane. Pensjonistforbundet krev at den nye nasjonale helse- og samhandlingsplanen slår fast at meir sårbare eldre ikkje skal skrivast ut av sjukehus før det er forsvarleg.

Kontaktlegeordninga i sjukehus skal sikre betre tilrettelagde og føreseielege pasientforløp, til beste for både pasientar, pårørande og legar. Men avviksmeldingar og pasientklager i helsetenesta viser at ikkje alle pasientforløp fungerer godt nok. Pensjonistforbundet vil difor jobbe for at pasientane blir kjende med og får innfridd dei lovfesta rettane på dette området.

Nærleik til sjukehus gir auka tryggleik. Difor bør lokale sjukehus oppretthaldast og få tilført ressursar, oppgåver og kompetanse.

Munn- og tannhelse

Tannbehandling er ikkje omfatta av eigendelsordninga, slik andre helsetenester er. Personar med dårleg økonomi lar difor vere å oppsøkje tannlege for nødvendig behandling pga. kostnadene. God munn- og tannhelse har mykje å seie for den generelle helsa gjennom heile livet. Tannhelse må difor jamstillast med andre helsetenester og bli eit offentleg ansvar. Eldre har oftare dårlegare munn- og tannhelse, og er difor meir utsette enn andre. Pensjonistforbundet krev at tannhelse blir eit offentleg ansvar, og at utgifter til tannbehandling blir omfatta av eigendelsordninga.

Eldre og uføre som bur på institusjon eller får regelmessig omsorg i eigen bustad (såkalla «gruppe C-pasientar»), har rett til nødvendig tannbehandling. Diverre er dette ukjent for mange tilsette, pårørande og brukarar. Pensjonistforbundet krev tiltak for å gjere det

betre kjent kva rettar ein har.

Demens

Demens er ei stor folkehelseutfordring. I dag er det om lag 100 000 personar med demens i Noreg. Årsakene til demens er fleire og samansette, men den store fellesnemnaren er auka alder. I løpet av 30 år vil det difor vere over 230 000 personar med demens i Noreg. Det er store og aukande forskjellar i aldring i kommunane. Det er dei minste kommunane med flest eldre som vil få dei største utfordringane i tida framover. Utfordringane vil likevel vere store i alle kommunar.

Kommunane er pålagde å gi personar med demens eit aktivitetstilbod. Pensjonistforbundet vil følgje opp at kommunane tilbyr gode dagtilbod med mange nok plassar og nok avlastingsplassar på institusjon. Alle kommunar må ha demenskoordinator/demensteam og tilsette med spesialkompetanse på demens. Det finst førebels ingen kur eller behandling som stoppar demens. Det trengst meir kunnskap om førebygging og behandling. Pensjonistforbundet vil difor jobbe for at det blir løyvt meir pengar til forskning på området.

Rus

Eldre drikk meir alkohol enn tidlegare. Det er ein helsefare i seg sjølv, men særleg for eldre som brukar vanedannande legemiddel i tillegg. Det er behov for større merksemd om helsefarane ved bruk av alkohol og vanedannande legemiddel, og ved kombinasjon av desse. Auka rusbruk kan både vere eit symptom på og ei årsak til redusert psykisk helse. Vi meiner legar som skriv ut legemiddel, må gjere seg kjende med alkoholkonsumet til pasienten. Vidare må helsepersonell regelmessig spørje eldre pasientar om alkoholbruk, bruk av andre rusmiddel og

legemiddel. Pensjonistforbundet ønskjer ein nasjonal kunnskaps- og haldningskampanje retta mot helsepersonell og eldre.

Psykisk helse

Psykiske plager hos eldre er vanleg. Førekomsten aukar med alderen, og mest blant dei over 75 år. Det kan vere vanskeleg å fange opp psykiske plager hos eldre, fordi symptoma presenterer seg på andre måtar enn for yngre personar. Eldre erfarer ofte eit samspel mellom psykiske og somatiske sjukdomar. Dei bruker fleire legemiddel og er meir sårbare for biverknader og skadeleg samspel mellom dei. Dei kan ha eksistensielle problem knytt til funksjonstap, tap av sosialt nettverk og einsemd. Og dei kan erfare kognitiv svikt og skadar i sentralnervesystemet. Samstundes er det vanleg at pasienten, pårørande eller helsepersonell feilaktig oppfattar plaga som del av aldringsprosessen. Det er behov for å vere meir merksame på og få meir kunnskap om psykisk helse hos eldre. Pensjonistforbundet krev difor at alderspsykiatri må prioriterast både i spesialisthelsetenesta og i dei kommunale helse- og omsorgstenestene.

Vald og overgrep

Både heimebuande eldre og eldre i institusjonar blir utsette for vald og overgrep frå nærstående personar og personar dei er i eit tillitsforhold til. Stortinget vedtok difor i 2021 at regjeringa skulle etablere nasjonale retningslinjer for å greie ut og handtere eldrevaldsaker, og etablere meldeplikt til tilsynsmyndighetene når det er grunn til å tru at eldre blir utsette for vald og overgrep. Pensjonistforbundet krev at regjeringa straks iverkset stortingsvedtaket.

Det er for låg kunnskap i helsesektoren og underrapportering av alvorlege forhold. Difor meiner vi at det framleis er behov for ytterlegare

tiltak. TryggEST er ein modell for å hjelpe kommunane med førebygging, avdekking og handtering av vald og overgrep mot risikoutsette vaksne. Pensjonistforbundet krev at alle kommunar tar i bruk TryggEST.

Likeverdig tilgang på helsetenester

Eldre blir diskriminerte i dag ved tildeling av enkelte helsetenester. Eit eksempel er den statlege tilskotsordninga til «særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester i kommunane», der personar over 67 år ikkje er omfatta av ordninga. Eit anna eksempel er retten til brukarstyrt personleg assistanse (BPA), som berre blir innvilga til personar under 67 år. Eit tredje eksempel er det offentlege Mammografiprogrammet, som berre inviterer kvinner mellom 50 og 69 år til undersøking. Diverre finst det fleire eksempel. Pensjonistforbundet meiner at det er behova til pasienten, helsetilstand, funksjonsnivå og prognose som må avgjere kva for tenester som skal ytast, ikkje alderen på pasienten eller den offentlege økonomien.

Pårørande

Pensjonistforbundet vil vere eit talerøyr for både brukarar og pårørande. Vi er medlem av Pårørandealliansen, ein frittstående paraplyorganisasjon som jobbar for å gjere kvardagen til pårørande enklare. Dei fleste eldre er pårørande til ektefellar, søsken, barn og barnebarn. Enkelte er også pårørande for eigne foreldre. Pårøranderolla kan vere krevjande. Det er viktig at det ikkje blir lagt for stor bør på dei pårørande, både av omsyn til dei pårørande sjølv og dei som dei hjelper. Pensjonistforbundet meiner pårørande må få tilbod om avlasting, rettleiing og støtteordningar. Helse og omsorgstenesta må lage samarbeidsavtalar med pårørande, slik at dei kan ta vare på eiga helse, kunne ha eit sosialt liv og planleggje eigen tidsbruk.

Pasientreiser

Vi må sjå på pasientreiser som ein del av helsetenesta. I dag er kvaliteten på pasientreiser svært varierende. Det er tungvinte løysingar for å få refundert transportutgifter og vanskeleg å få dekkja faktiske kostnader. Den største utfordringa er likevel at pasientar ikkje kjem til og frå helsetenestene på raskast og best mogleg måte. Anbudsreglar og omsyn til økonomi fører til lang ventetid og at tenesta blir levert når ho er billegast. Enkelte bruker difor TT-kortet til pasientreiser. Pensjonistforbundet meiner dette er uakseptabelt. Regelverket må setje grenser for reisetid og ventetid for pasientar. Brot på reglane må få konsekvensar. Ved behov må ein innvilge bruk av eigen bil. Forskrifta for pasientreiser må reviderast slik at den retten pasientar, reisefølgje og pårørande har til å få dekt utgifter, blir reell.

Beredskap

Koronapandemien avslørte store manglar i beredskapen til helse- og omsorgstenestene. Pensjonistforbundet meiner ein må lære av desse erfaringane. Myndighetene må syte for god beredskap i både sjukehus, institusjonar og i heimebaserte tenester. Det må vere tilstrekkeleg med smittevernutstyr, legemiddel, utstyr til laboratoria og nødvendig kvalifisert helsepersonell. I tillegg må sjukehus, sjukeheimar og omsorgsbustader ha ein bygningsmasse som avgrensar smitte. Pensjonistforbundet krev ein full smittevern-gjennomgang av alle sjukeheimar og omsorgsbustader. Nødvendige utbetringar bør dekkast av Husbankens investeringstilskot for sjukeheimar og heildøgns omsorgsplassar.

Pensjonistforbundet vil arbeide for:

- **Fleire fastlegar**
- **Fleire sjukeheimar og omsorgsbustader**
- **Auka kompetanse og fleire tilsette i omsorgstenestene**
- **Betre samarbeid mellom spesialisthelsetenesta og kommunane**
- **Tannhelse må inngå i eigendelsordninga**
- **Meir forskning på demens**
- Likeverdig tilgang på helse- og omsorgstenester
- Auka merksemd og meir kunnskap om rus og psykisk helse
- Auka kunnskap om og førebygging av vald mot eldre
- Betre rettar for pårørande
- Betre pasientreiser
- Auka beredskap
- At lokale sjukehus blir bevarte og får tilført ressursar, oppgåver og kompetanse



Pensjonistforbundet
Torggata 15
0180 Oslo

Postadresse
Postboks 6714, St. Olavs plass
0130 Oslo

Tlf: 22 34 87 70

E-post: pf@pensjonistforbundet.no

www.pensjonistforbundet.no
www.facebook.com/pensjonistforbundet

Tydeleg, sterk og synleg